Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 20.09.2024
Vår ref: 2019/12290
Dykkar dato:
Dykkar ref:

Fana Stein & Gjenvinning AS avd behandling
Fanaveien 221
5239 Rådal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Espeset, 5557 2141

Vedtak om løyve etter forureiningslova Fana Stein & Gjenvining AS, Rådalen

Vi viser til søknad datert 23.09.2022, revisjon av søknaden av 30.03.2023 og tilleggsopplysningar som er motteke i saka.

1 Vedtak

Statsforvaltaren gir Fana Stein & Gjenvinning AS avd Behandling (heretter FSG), løyve til forureinande verksemd. Løyve med krav og vilkår ligg vedlagt.

Løyvet gjeld frå dags dato og erstattar eksisterande løyve av 30.04.2001. Det nye løyve gir verksemda lov til å vaske forureina massar i anlegget. Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16 og §29.

FSG skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren sin saksbehandling. Vi har varsla eit gebyr sats 4 med moglegheit for at det blei sett opp til sats 3 dersom arbeidsmengda blei større. Ut frå arbeidsmengda vert gebyret 194 600 (sats 3). Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

1.1 Fristar

Innan 1. mars 2025 skal FSG

- sende støysonekart til kommunen og Statsforvaltaren, jf. punkt 14.3 i løyvet

Innan 1. mars 2026 skal FSG

- etablere system for energileiing, jf. punkt 8.1. i løyvet
- sende utgreiing av utslepp til vatn, jf. punkt 14.1 i løyvet

Innan 4 veker etter avslutta prøveperiodar skal FSG

- sende rapport om prøveperioden, jf. punkt 14.2 i løyvet

Sjå også løyvet.

2 Kort om bakgrunnen for saka

FSG søker om å handsame forureina massar i vaskeanlegg for å få meir gjenvinning av massar og mindre mengder som går til deponi.

Verksemda søker om å få ta imot og vaske inntil 150 000 tonn forureina massar per år. Vaskeanlegget er plassert innandørs, dei andre aktivitetane er også planlagt å skje under tak, bortsett frå lagring av ferdig vaska massar. Hallen for inngåande avfall til vaskeanlegget skal også nyttast for mottakskontroll for avfall som skal deponerast. Det er berre reine og forureina massar det er søkt om å behandle i vaskeanlegget.

Det er ikkje søkt om å ta i mot massar som er så forureina at dei vert klassifisert som farleg avfall.

Vaskeprosessen skal leggje til rette for gjenvinning av opptil 80 % av massane som blir behandla. Det er ein føresetnad at forureininga er bunden til finstoffet i massane, det vil seie partiklar som er mindre enn 63 µm i diameter. Finstoffet skal fjernast i vaskeprosessen ved at det blir tilsett flokkuleringsmiddel i vaskevatnet. Dette vil føre til at finpartiklene dannar større aggregat, som deretter kan fjernast som slam. Slammet skal pressast til «kaker» av finstoff som skal deponerast i Stendafjellet deponi.

Vaskeprosessen går føre seg innandørs i eksisterande bygningar på næringsområdet. Sjølve vaskeanlegget er lukka, det skal dermed ikkje vere behov for utslepp av vatn frå vaskinga. Prosessen har eit netto forbruk av vatn, og brukt prosessvatn skal reinsast internt før det blir leidd tilbake til prosessen.

Verksemda søker også om å kunne knuse stein >90mm.

2.1 Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova
Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova
Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta
Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Forureiningsforskrifta kapittel 36
EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED) er teke inn i norsk rett i mellom anna forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren skal sjå til at bedrifter med løyve til

forureinande verksemd bruker det som vert rekna som beste tilgjengelege teknikkar (BAT) i den aktuelle bransjen og minst tilfredsstiller tilhøyrande utsleppsnivå (BAT-AEL).

Nasjonalt prioriterte stoff
Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte (sjå vedlegg 1 i løyvet), slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

3 Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

3.1 Grunngjeving for vedtaket

Den omsøkte verksemda er eit avfallsanlegg, og må ha løyve etter forureiningslova føresegner, jf. forureiningslova §§ 11 og 29.

Når Statsforvaltaren vurderer om løyve til forureinande verksemd skal gis, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Dette inneber at Statsforvaltaren gjennomfører ei heilskapleg vurdering der både forureiningsomsyn, generelle miljøomsyn og alminnelege samfunnsmessige omsyn blir tekne med i vurderinga. I vurderinga skal det også takast omsyn til prinsipp i vassforskrifta §§ 4 – 6 og naturmangfaldslova (nml) §§ 8 – 12.

Planstatus
I kommuneplanens arealdel (fra 2019) er arealformålet for området «næringsbebyggelse og kommunalteknisk anlegg». I reguleringsplanen (fra 1998) er arealformålet «avfallsdepot/fremtidige industriområde». Ved motstrid overstyrer kommuneplanens arealdel eldre reguleringsplanar vedtatt før 1.1.2013. Reguleringsplanen for Rådalen er under revisjon. Når den nye reguleringsplanen kjem vil det kunne få konsekvensar for vilkåra i dette løyvet når det gjeld mellom anna støy, støv og utslepp til vatn. Sjå meir om dette under kap 3.1.9.

IED
EU har gjennom industriutsleppsdirektivet utarbeidd BAT-konklusjonar for avfallsbehandling. BAT-konklusjonar er ei skildring av dei beste tilgjengelege teknikkane innanfor utvalde bransjar. I tillegg er det sett forpliktande grenseverdiar, BAT-AEL (BAT-Associated Emission Levels) knytt til spesifikke typar av avfallsbehandling. Dette er utsleppsnivå som blir rekna som oppnåelege ved bruk av BAT innanfor den enkelte typen avfallsbehandling.

I samsvar med BAT-referansedokument (BREF) av 10. august 2018, er vasking med vatn av utgrave forureina jord rekna som ei fysiokjemisk behandling av avfall. Det er sett fleire BAT-AEL for utslepp til vatn frå denne behandlingsprosessen. Verksemder som vaskar forureina jord, er omfatta av IED og BAT-konklusjonane for avfallsbehandling dersom dei har kapasitet til å sluttbehandle meir enn 50 tonn ordinært avfall per dag, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg I, punkt 5.3 bokstav a punkt ii.

Formålet med vasking av forureina jord, er å skilje ut dei minste partiklane der forureininga er bunden, slik at størstedelen av jordmassane kan gjenbrukast til andre formål. Filterkaker bestående av forureina finstoff blir per i dag levert til sluttbehandling etter vaskeprosessen, og det er derfor mengda filterkaker, eller forureina finstoff, som blir leverte til deponi som vil vere avgjerande for

om ei verksemd er omfatta av BAT-konklusjonane for avfallsbehandling eller ikkje. Basert på informasjonen i søknaden har vi vurdert at anlegget til FSG er omfatta av IED, jf. forureiningsforskrifta 5.3.a) ii).

Grunngiving for utvalde vilkår og krav

3.1.1 Omsyn til deponidrifta i området

I vilkår 1 er det satt krav om at verksemda må ta omsyn til deponidrifta og gir ansvarleg for deponidrifta i Rådalen tilgang til området. Vi viser elles til uttalen frå Bergen kommune og forutset at FSG følger opp dette.

3.1.2 Mottak av avfall

Det er ikkje tillate å ta imot massar som er så forureina at dei blir klassifiserte som farleg avfall, jf. avfallsforskrifta kapittel 11. Det er heller ikkje tillate å ta imot massar som er forureina med PFAS på grunn av eigenskapane til desse stoffa.

For å sikre at berre avfall det er gitt løyve til å handtere på anlegget blir motteke, har vi satt krav om dokumentasjon på kvar massane kjem frå og forureiningsgrad før mottak. Det skal også gjennomførast visuell kontroll av massane ved lossing, og jamlege stikkprøvekontrollar. Mottakskontrollen skal vere tilstrekkeleg til å avdekkje eventuelt ulovleg avfall og skal dokumenterast.

Dersom det følgjer med anna avfall i massane, som røter, plast, metall, m.m., skal bedrifta sørgje for at dette avfallet blir fjerna frå massane, anten gjennom vaskeprosessen eller ved sortering i forkant.

Kva avfall som kan tas i mot og behandlast ved anlegget er oppgitt i tabell 1 og 2 i vedlegg 2. Det er berre avfall med avfallsstoffsstoffnummer 1601, 1603 og 1604 som det er tillate å behandle i vaskeanlegget. Dei andre avfallstypane kan mellomlagrast på området og elles regulert av løyve 2012.0206.T.

3.1.3 Prøveperiodar

Verksemda har beskrive i søknaden at opp mot 80 % av massane kan gjenbrukast som reine massar etter behandling. Reinsemetoden og anlegget si evne til å reinse ulike forureiningar, inkludert oljeforureining og prioriterte miljøgifter, skal testast ut dei første månadene anlegget er i drift. Det er sett eigne vilkår for desse prøveperiodane, inkludert krav om hyppigare prøvetaking av massane.

FSG har i sin kommentar til utkastet til løyve spurt om massar som verksemda har liggande lagra som er forureina med benzoapyren og andre PAHar kan brukast i prøveperiode 1. Statsforvaltaren tek til etterretning at FSG planlegg å behandle mellom anna desse massane i prøveperiode 1. FSG har ansvar for å oppfylle alle vilkåra som er sett til prøveperiode 1. Det inneber at også tungmetallforureina massar og massar som er forureina med olje og andre organiske miljøgifter enn PAH også må testast i prøveperiode 1.

3.1.4 Behandla massar

Før dei behandla massane kan leverast ut av anlegget for gjenbruk slik at dei erstattar jomfruelege jord- og steinmassar, skal verksemda dokumentere at massane er reine. Det vil seie at massane ikkje inneheld forureinande stoff, inkludert prioriterte miljøgifter, i høgare konsentrasjon enn det som er fastsett som normverdi i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1.

Vi har sett spesifikke krav til prøvetaking av vaska massar som er under 4 mm. Vi legg til grunn at for steinmassar under 4 mm kan dokumentasjon av normverdien skje ved analyse av innhald av forureining, medan det for masser over 4 mm kan dokumenterast ved at massane ikkje har synleg forureining på overflaten.

Jord blir rekna som forureina når konsentrasjonen av helse– eller miljøfarlege stoff overskrid normverdiane for forureina grunn. Eventuelt innhald av andre helse- eller miljøfarlege stoff, som det ikkje er utarbeidde normverdiar for, må også vurderast. Steinmassar kan ha forureining bunde til overflata, anten ved at steinen er tilsølt eller ved at det sit finstoff utanpå steinane som forureininga er bunden til. Potensialet for forureining må vurderast i det enkelte tilfellet. I nokre tilfelle kan utlekkingstestar, som kolonne- og ristetestar, vere aktuelt for å vurdere om steinen må reknast som forureina eller ikkje.

Det er ikkje tillate å blande masser som ikkje tilfredsstiller desse krava med massar med ein lågare forureiningsgrad for å overhalde grenseverdiane. Dette reknar Statsforvaltaren som fortynning av forureining, og er ikkje tillate.

Vidare skal bedrifta, som eigar av avfallet, vurdere om dei behandla massane har slutta å vere avfall før dei kan leverast ut frå anlegget. Massane blir ikkje lenger rekna som avfall, når alle punkta 1- 5 i punkt 9.5 er oppfylte. Bedrifta må utarbeide eit prøvetakingsprogram som sikrar at desse krava blir overhaldne.

3.1.5 Sluttavfall/filterkaker

Vaskeprosessen baserer seg på at forureininga er bunden til finpartiklar med diameter under 63 µm. Desse skal fjernast frå vaskeprosessen som slam ved at det blir tilsett flokkuleringsmiddel. Slammet skal deretter pressast i ei filterpresse for å fjerne overflødig vatn, og filterkakene skal leverast til godkjent mottak som forureina masse. Dette avfallet skal lagrast innandørs fram til det blir deponert. Vi føreset elles at avfallet blir behandla i tråd med avfallsregelverket, og at bedrifta difor basiskarakteriserer avfallet før deponering.

3.1.6 Prosessvatn

Det er ikkje tillate med utslepp til vatn frå vaskeprosessen. Vaskeprosessen har eit netto forbruk av vatn, og brukt prosessvatn skal reinsast før det blir gjenbruka i prosessen. For å sikre at prosessvatnet er tilstrekkeleg reint, har vi sett grenseverdiar for vaskevatnet som skal førast inn til vaskeanlegget for forureina massar. Det er gjort tilsvarande for andre jordvaskeanlegg i Noreg, og vi har derfor sett til grenseverdiar som er fastsette for desse, for å sikre lik handsaming av anlegga. Grenseverdiane vil også kunne brukast som ein kvalitetsindikator for å sjå at prosessen fungerer som tiltenkt. Det er også viktig at prosessvatnet er tilstrekkeleg reint sidan ein del av vatnet vil følgje med massane etter vask, og det er vanskeleg å ta prøver av dei større fraksjonane. Reinsing av vatn før gjenbruk skal utførast slik at innhaldet av forureiningar i dei reinsa materiala blir lågast mogleg og andelen med forureina avfall frå behandlingsprosessen blir lågast mogleg.

Resirkulering av vatn er beskriven i BAT 19b) som beste tilgjengelege teknikk for å optimalisere vassforbruket. For metalla arsen, krom, kobbar, kvikksølv og sink har vi sett konsentrasjonsgrenser som er lik nedre grenseverdi i BAT-AEL i BAT 20. For kadmium, bly og nikkel er det sett konsentrasjonsgrenser som er lågare enn nedre grenseverdi for BAT-AEL. Same grenseverdiane er sette for tilsvarande anlegg. For TOC har vi sett 30 mg/l som grenseverdi. Dette ligg innanfor BAT-AEL. For HOI (hydrokarbonoljeindeks, måler olje i vatn), har vi sett ein grenseverdi på 10 mg/l. Dette svarer til øvre grenseverdi i BAT-AEL. Vi kan akseptere at grenseverdien ligg i den øvre delen av BAT-

AEL fordi prosessvatnet ikkje skal leiast til resipient. For suspendert stoff (SS) fastset vi ei grense på 50 mg/l, som er lik konsentrasjonsgrensa for liknande anlegg og lågare enn øvre grenseverdi i BAT-AEL på 60 mg/l.

Vi fastset ei grense for PAH-16 på 2 µg/l. Dette er basert på EQS-verdiar (miljøkvalitetsstandardar), og tilsvarande grenseverdi er sett for dei andre jordvaskeanlegga i Noreg.

Samanlikna med kva grenseverdiar som er gitt til andre vaskeanlegg har vi sett den høgare for parametrane PCB7 og benzo(a)pyren. Årsaka til dette er at grenseverdiane gitt i dei andre løyva er lågare enn rapporteringsgrensa gitt i akkrediterte analysar. Skal laboratoria analysere prøvene etter norske og internasjonale standardar så klarer dei ikkje å analysere PCB7- og benzo(a)pyrenkonsentrasjonane dersom desse er under 0,01 µg/l. Vi har dermed sett dette som grenseverdi. Tilsvarande anlegg har ei grense for PCB7 på 0,002 µg/l og 0,00017 µg/l for benzo(a)pyren.

3.1.7 Utslepp til spillvassnett

Vi har fastsett grenseverdiar for påsleppet til spillvassnettet. FSG har i sin kommentar til utkast til løyve peika på at dei meiner at 30 mg/l suspendert stoff er ei streng grense og at ein grenseverdi på 50 mg/l er meir rimeleg. Vi held på at utsleppsgrensa er 30 mg/l suspendert stoff, dette vil også føre til at utsleppet av andre forureiningar blir lågt fordi mange forureiningar er knytt til partiklar. Dette er vidare eit avgrensa utslepp i mengde (mindre enn 2 m^3/døgn) som det burde vere mogleg å reinse til dette nivået.

3.1.8 Utslepp til overvassnett

Vi har sett 30 mg/l suspendert stoff som grense for utslepp frå avrenning frå ferdig vaska massar (vilkår 3.3). På den måten følger vi opp høyringsinnspela frå Bergen kommune som peikar på at utslepp som blir ført til overvassnett skal vere reint. FSG har i sin kommentar til høyringsuttalen frå Bergen kommune sagt at verksemda vil etablere eit sedimentasjonsbasseng for å reinse avrenninga. Det er viktig å merke seg at vi også har sett krav til utredning av denne avrenninga og at vi etter at denne ligg føre vil vurdere å om vi vil sette grenseverdiar for fleire parametrar.

Som Bergen kommune peikar på i sin høyringsuttale må FSG gjere avtalar med Bergen kommune også for påslepp til overvatnet. Dette mellom anna fordi det ikkje er tillate å sleppe vatn inn i deponiet i Rådalen.

3.1.9 Driftstid og støy

I løyver etter forureiningslova regulerer vi støy med A-vege gjennomsnittsnivå over ein angitt tidsperiode (LpAeqT) og ikkje som A-vege gjennomsnittsnivå for døgn (L_{den}). Årsaka er mellom anna at L_{den} er lite tilpassa industristøy. Tidsperioden vi midlar over tilsvarar driftstida som er fastsett i løyvet. Miljødirektoratet har gitt oss rettleiing om at det er slik vi skal regulere verksemder.

Det er ei kjent problemstilling at verksemdene i Rådalen gir utfordringar for naboar til industriområdet med omsyn til lukt, støy og støv. Reguleringsplanen for Rådalen er under revisjon. Vi har spela inn i planprosessen at Bergen kommune bør vurdere å fastsette reguleringsføresegner som regulerer sum-støy, sum-lukt, sum-vassforureining og sum-støv. Når ein ser på FSG sin støyrapport går det fram at støysonene vil overlappe med fleire av dei verksemdene i Rådalen sine støysoner. I vurderinga Statsforvaltaren gjer no ser vi berre på FSG, men vi gjer merksame på at reguleringsplanen vil kunne skjerpe krava som følgje av sumverknadene ein då må sjå på. Som nemnt over vil ny reguleringsplan kunne også medføre endringar i løyvet etter forureiningslova. Vi

ynskjer for eksempel ikkje å legge opp til drift på tidspunkt som det eigentleg ikkje er behov for hos verksemda, som vi av erfaring veit at naboar synest er spesielt belastande.

FSG har i oppdatert søknad av 30.03.2023 søkt om desse driftstidene:
Måndag – fredag: kl 07- 22
Laurdag: 07- 18

Etter dette har det vore kommunikasjon fram og tilbake om dette med driftstider. FSG har mellom anna gitt uttrykk for at verksemda har behov for oppstart 06:30 måndag – fredag. Vidare at behovet for drift på laurdagar er avgrensa til kl 7- 13, og behovet for drift på kveldstid er avgrensa til 30 dagar i året.

Vi har fastsett ei driftstid på måndag – fredag frå kl 06:30 til 19:00, då støyutredninga viser at drift i dette tidsrommet er innanfor støygrensene. Vi har ikkje opna opp for drift på kveldstid fordi støygrensen då ville bli brote for Fanavegen 210. Støygrensa er også brote for Fanavegen 207 og 209. I støyrapporten av 25.04.2024 blir det opplyst at Fanavegen 207 og 209 er eigd av FSG og ikkje er i bruk til bustadformål. Fanavegen 210 er ikkje eigd av FSG. Fanavegen 210 mottek i tillegg støy frå vegen så støysituasjonen for denne bustaden er i realiteten verre enn det som kjem fram av støyvurderinga.

Drift av mobilt knuseverk er avgrensa til å kunne nyttast måndag – fredag kl 7- 19 og maksimalt 10 dagar i året. Støyutredninga viser at drift av mobilt knuseverk er innafor støygrensene dersom vi nyttar støygrense på 55 dB. Støyen frå mobilt knuseverk vil vere impulsstøy, som dersom det var ein del av normal drift ville gitt ei skjerping av støykrava på 5 dB. Dette er bakgrunnen for at drift av knuseverk avgrensa til 10 dagar i året. FSG må ha loggføring for når knuseverket er i bruk.

På laurdagar har vi avgrensa driftstida til kl 7- 13. Drift på laurdagar forutset at husa i Fanavegen 207 og Fanavegen 209, som FSG eig, ikkje blir nytta til bustadformål. Dette fordi støygrensene blir overskride for desse husa. Som nemnt over har FSG i støyrapporen opplyst at husa ikkje blir brukt til bustadformål. Dersom det blir aktuelt å bruke desse husa til bustadformål må vi gjere nye vurderingar av driftstider.

Det er ikkje tillate med drift på søndagar og heilagdagar.

Vi har i vilkår 14.3 sett krav om at støyrapportar skal sendast inn. Vi har som del av sakshandsaminga motteke støyrapport, men denne må oppdaterast i tråd med dei avklaringar som er gjort som ein del av slutthandsaminga.

4 Saksgang

Statsforvaltaren handsama søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven.*

4.1 Førehandsvarsel og uttalar/fråsegner

Saken er førehandsvarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-5. Frist for å gi uttale var opphaveleg sett til 12.05.2023, men blei utvida til 30.05.2023.

Uttale frå Bergen Kommune
Bergen Vann:
«FSG har per i dag påslepp til offentleg spillvassnett frå avrenning av forureina massar på mellomlagringsområdet Nettplassen. Vatnet går via sandfang og til oljeutskiljar før påslepp.

Til same sandfang og oljeutskiljar går spyle-/vaskevatn frå spyleplass for anleggskøyretøy som ligg rett nord for Nettplassen. Spyleplassen er ikkje under tak, og det vert tilført overvatn frå ca. 200 m^2 areal til spyleplassen. Det er oppgitt i søknad at ca. 500 m^3 overvatn vert tilført oljeutskiljar, men det er ikkje oppgitt maksimal tilførsel i L/s. Bergen Vann tillet vanlegvis ikkje overvatn tilført oljeutskiljar då ein ved intensinve kan overbelasta oljeutskiljaren og spyla ut lagra olje. I tilfeller der det er naudsynt å føra overvatn til oljeutskiljaranlegget må det vera dimensjonert for maksimal nedbørsintensitet.

FSG har per i dag ikkje påsleppsløyve etter ff kap 15A, men oljeutskiljaren vert fulgt opp i Bergen Vann sitt system for olje- og feittutskiljarar. FSG har søkt Bergen Vann om løyve i samband med at dei skal byta ut eksisterande utskiljar som er defekt. Bergen Vann vil i løyvet setja krav til
1) Tømmeavtale med tømmefrekvens for oljeutskiljaren og tilhøyrande sandfang
2) Dimensjoneringsgrunnlag for oljeutskiljar og sandfang når ein tek omsyn til tilført 500 m^3 overvatn og ca. 86 m^3 vaskevatn, samt maksimal nedbørsintensitet.
3) Prøvetakingspunkt og -metode
Utsleppskrav bør setjast i revidert løyve frå Statsforvaltaren og vera i tråd med krav til andre utslepp verksemda har. Utsleppskrava Statsforvaltaren gjer vil då vera gjeldande for løyvet me gjer FSG Nett for påslepp får oljeutkiljaren.

<u>Bergen Vann vil fråråd å gje utsleppsløyve for vaskevatn.</u>
Sjå grunngjeving nedanfor.
Det vert søkt om påslepp av ca. 200 m^3 forureina vaskevatn per år frå eit nullutsleppsanlegg (sic). I tillegg skal det sleppast på overskotsvatn frå areal på vaskeplassen (via overløp), for dette påsleppet er det ikkje estimert mengder. Dersom verksemda får løyve til påslepp vil forureina finstoff gå enten til utslepp i Raunefjorden (via reinseanlegg) eller finn vegen til dyrkingsland og andre areal som omarbeida slam (biorest).

Det skal byggjast tak over heile Nettplassen Sør i følge søknad. Dvs. det vert ikkje tilført overvatn til arealet. Det skulle difor vere mogleg å ha kontroll på mengder vatn som vert tilført dette arealet. Med tilstrekkeleg bufferkapasitet kan ein truleg unngå påslepp i samband med vedlikehald/nedtapping. Før forureiningsmyndigheita vurderer løvye til påslepp bør eit reelt nullutsleppsalternativ utgreiast av verksemda. Tilsvarande vaskeanlegg, Velde Miljø AS, har ikkje utslepp, jf. løyve gitt av Fylkesmannen i Rogaland 12.10.17, arkivnr. 461.3.

Det må avklarast med Bergen Vann om oljeutskiljaren på området (Nettplassen Sør) som har vore nytta av Ragn-Sells skal nyttast vidare eller fjernast. Dersom det skal førast oljehaldig vatn til oljeutskiljaren med

påslepp til offentleg avløpsnett må FSG søka om påsleppsløyve for oljeutskiljaren. Det skal ikkje førast prosessvatn til oljeutskiljaren.»

Bymiljøetaten

Vurdering av vann

Bymiljøetaten ønsker å påpeke at i krav til etterdrift, punkt 3.4, står det at: «Bare rent overvann kan føres til overvannsystemet».
I søknaden fremgår det at FSG søker om utslippsgrense på 50 mg/l til lokal overvannsledning.
Bymiljøetaten ønsker å påpeke at dagens overvannsystem i Rådalen er betydelig påvirket av finstoff fra industriområdet allerede. Å øke mengden suspendert stoff til lokalt overvannssystem er derfor ikke ønskelig. Videre må overvann være beviselig rent.
Bymiljøetaten ønsker videre å understreke at i krav til etterdrift, punkt 3.4, står det:
«Avløpsvann, inkludert overvann og sigevann fra nærings- og industrivirksomheter oppå deponiet og fra tilstøtende areal kan ikke føres via deponiet til sigevannssystemet, men skal ledes vekk fra deponiet».
Bymiljøetaten forutsetter også at påslippsavtaler med aktuelle instanser inngås.
Videre arbeides det med VA-rammeplan i tiltaksområdet. Arbeidet med denne rammeplanen kan sette ytterligere krav til ulik vannkvalitet.

Vurdering av gass

Bymiljøetaten viser til krav i etterdrift, punkt 3.12, der det står at:
«Det skal gjennomføres oppgradering og utbedring av etablert gassanlegg på deponiområdene … slik at uttak av deponigass fungerer optimalt …».
Videre, i punkt 3.14, står det:
«Alle anlegg og tekniske installasjoner skal driftes og vedlikeholdes …».

Ifølge søknad grenser omsøkt område delvis over og delvis i randsonen til Rådalen avfallsdeponi.
Eventuelle bygg eller installasjoner må derfor sørge for å gi Bymiljøetaten nødvendig tilgang for fremtidig vedlikehold og utbedringer av gassanlegg.
Det fremkommer videre av søknad at det er påvist gassdannelse i grunnen. Bymiljøetaten forutsetter at risikovurdering av gass, samt eventuelle fremtidige setningsskader, vil være tilstrekkelig belyst før tiltak iverksettes.

Vurdering av graving

Bymiljøetaten ønsker videre å påpeke at dersom det skal utføres graving i deponimasser, eller i randsonen til deponiet, så må det kontrolleres at deponiet ikke får tilført ekstra vannmengder, jf. punkt 3.4 i krav til etterdrift. Videre må byggeperioden holdes så kort som mulig, for å unngå unødig risiko ved vanntilførsel og gassdannelse.
Bymiljøetaten forutsetter også at aktuelle instanser varsles ved gravetiltak.»

Byrådet

«Tiltaksområdet er regulert til industri, parkbelte-industriområde og spesialområder for kommunalteknisk anlegg/avfallsdepot i reguleringsplan for Fana/Ytrebygda, gnr 119 bnr 217, Rå, Avfallsforbrenningsanlegg (planID 8380002) fra 1998. Planen er ikke oppdatert eller tilpasset dagens situasjon, men etter Bergen kommunes vurdering vil manglende samsvar med plangrunnlaget ikke være avgjørende for resultatet. Det pågår arbeid med områderegulering for området, for regulering til kommunalteknisk anlegg, næring, idrett og landbruk; Fana/Ytrebygda, gnr 97 bnr 1 mfl, Rådalen, Stend og Rå (planID 70630000). Planarbeidet var kunngjort 19.11.2022, og har som formål å gi gode rammer for etterdrift av tidligere deponiarealer, samfunnsriktig bruk av etablert område for kommunalteknikk og næring, tilrettelegging for kabonfangst, bedre vilkår for gående og syklende, videreføring av idrettsanlegg og landbruksareal, samt etablering av gode buffersoner mot omgivelsene. I kommuneplanens arealdel KPA 2018-2030 (planid

65270000) har deler av området nord for Nettplassen status som «grønnstruktur». Området for selve Nettplassen (takoverbygget) og sør for Nettplassen har status som Kommunalteknisk anlegg og Industri.»

Ellers viser Byrådet til uttalene frå Bergen Vann og frå Bymiljøetaten.

4.2 FSG sine kommentarar til høyringsuttalen

FSG har i e-post av 09.01.2024 kommentert uttalen frå Bergen kommune:

Kommentar til uttalen frå Bergen Vann

«Eksisterende utslipp fra Ojleutskiller på Nettplassen:

FSG har etablert spyleplass for anleggskjøretøy nord for nettplassen. Området har tett dekke og fall mot sedimenterings grop som er 10 meter lang, 2 meter bred og 1 meter dyp for å ivareta sedimentering fra spylevann og førdrøye ved høy nedbørintensitet. Videre går vannet via 4 sandfang før det når oljeutskiller hvor det også er etablert sandfang. Oljeutskiller er dimensjonert for denne belastning.

Det er også inngått avtale med Ragn-Sells om tømming/prøvetaking og årlig kontroll.

Nytt påslipp fra planlagt vaskeanlegg (Nettplasssen sør):

FSG sitt vaskeanlegg er av samme type som Velde miljø som Bergen vann har kommentert i sin uttalelse. FSG sitt anlegg vil bli bygget inn i en hall, noe ikke Velde sitt anlegg er. Velde har utslipp fra sitt anlegg etter renseanlegg.

FSG har utvidet sin bufferkapasitet for anlegget og vil frafalle søknadsdelen som omfatter utslipp fra anlegget. Anlegget planlegges som et null- utslippsanlegg og FSG vil be om å få refundert kostnad om på slipp til kommunalt nett og plugge avløpsledning.

Oljeutskiller på området (Nettplass Sør) tidligere benyttet av Ragn-Sells er ikke i bruk og tilkoblingsledninger er fjernet. Oljeutskiller vil bli sanert/fjernet i forbindelse med anleggsarbeidene på området.»

Kommentar til uttalen frå Bymiljøetaten:

Utslepp til vatn:

FSG planlegg at området i nord der ferdig lagra produkt skal lagrast skal vere eit ope område og at avrenninga frå området skal tilkoplast overvassystemet. FSG meiner at det ikkje skal vere forureining frå dette området. Verksemda vil innstallere eit sedimentasjonsbasseng før utslepp til overvassleidning.

Gass

FSG har i prosessen etter at søknad blei sendt inn flytta vaskeanlegget lengre bort frå eksisterande deponi og randsonen. Det er gjort risikovurdering av gass, igangsett tiltak og det bli bygd rørsystem som ivaretek gass frå grunnen. Heile grunnen for vaskeanlegget er forankra mot fjell for å ivareta setningsskader.

Vurdering av graving

Det vil bli tett betongdekke og tak over vaskeanlegget slik at det ikkje kjem vatn frå dette området inn i deponiet. Mengda sigevatn til pumpestasjonen i Pålamyra vil bli redusert.

5 Klagerett

FSG og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka i eiga sending.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kristin Espeset
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
1 Løyve etter forureiningslova - FSG AS

Kopi til:
BERGEN KOMMUNE Postboks 7700 5020 BERGEN

Statsforvaltaren i Vestland

Løyve til verksemd etter forureiningslova
Fana Stein & Gjenvinning AS avd Behandling

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 1 til og med side 26. Dette løyvedokumentet erstattar tidlegare løyve.

Dersom bedrifta ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må bedrifta i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Bedrifta bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal bedrifta sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Nøkkeldata

Bedrift	Fana Stein & Gjenvinning AS avd Behandling
Postadresse for bedrifta	Fanavegen 221, 5239 Rådal
Org. nummer (bedrift)	976829158
Næringskode og bransje	39.000 Miljørydding, miljørensing og lignende virksomhet
Kategori for verksemda [1] / Type verksemd	5.3.a.ii
Stad/gateadresse	Fanavegen 221 C
Kommune og fylke	Bergen, Vestland
Lokalisering av anlegg	UTM sone 33, aust: -33815, nord: 6722169
Gards- og bruksnummer	119/357

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer:	Anleggsnummer:	Saksnummer:
2024.0277.T	4601.0036.01	2019/12290

Løyve gitt første gong:	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:-	Løyve sist endra:
20.09.2024		03.09.2026
Lars Martin Færseth seksjonsleiar		Kristin Espeset senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

[1] Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Omtale av endringar
1	Dokumentasjon av behandla massar.	9.6	Lagt inn vilkår som gjeld bunden bruk av 0-8mm ferdig vaska massar i et nytt vilkår 9.6.1 og skreve inn eit unntak i 9.6.

Innhaldsliste

1 Rammevilkår 5

2 Generelle vilkår 5

2.1 Utsleppsavgrensingar 5
2.2 Plikt til å halde grenseverdiar 5
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg 5
2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt 6
2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald 6
2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare 6
2.7 Internkontroll 6
2.8 Kompetanse 7
2.9 Driftstid 7

3 Utslepp til vatn 7

3.1 Grenseverdiar for avrenning frå avfall før behandling 7
3.2 Grenseverdiar for prosessvatn som skal gjenbrukast 8
3.3 Grenseverdiar for avrenning frå ferdig vaska massar 9
3.4 Utsleppsreduserande tiltak 9

4 Utslepp til luft 9

4.1 Støv 9
4.2 Lukt 10
4.2.1 Luktavgrensing 10
4.2.2 Luktrisikovurdering 10
4.2.3 Førebyggande tiltak og driftsplan 10
4.2.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og klageregistrering 10

5 Grunnforureining 10

5.1 Særskilte krav til terrenginngrep 11

6 Kjemikal 11

7 Støy 12

8 Energi 12

8.1 Energileiing 12
8.2 Utnytting av overskotsenergi 12
8.3 Spesifikt energiforbruk 12

9 Avfall 13

9.1 Generelle krav 13
9.2 Krav til dokumentasjon før mottak av avfall 13
9.3 Mottakskontroll 13
9.4 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall 13

9.5 Generelle krav til handtering 13
9.6 Dokumentasjon av behandla massar 14
9.6.1 Bunden bruk av 0-8 mm 15
9.7 Eigenprodusert avfall 15

10 Deponi 15

11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren 15

11.1 Kartlegging av utslepp 15
11.2 Utsleppskontroll 15
11.3 Kvalitetssikring av målingane 16
11.4 Program for utsleppskontroll 16
11.5 Rapportering til Statsforvalteren 17

12 Miljøovervaking 17

12.1 Overvaking av resipientar 17
12.2 Overvaking etter vassforskrifta 17
12.3 Overvaking av grunn og grunnvatn 17

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining 17

13.1 Miljørisikoanalyse 17
13.2 Førebyggjande tiltak 18
13.3 Beredskap 18
13.3.1 Beredskapsanalyse 18
13.3.2 Beredskapsetablering 18
13.3.3 Beredskapsplan 18
13.3.4 Øving av beredskap 18
13.3.5 Varsling av akutt forureining 18

14 Undersøkingar og utgreiingar 19

14.1 Utgreiing av utslepp til vatn 19
14.2 Krav til utgreiing ved vasking av nye avfallstypar og typar forureining 19
14.3 Utarbeiding av støysonekart 20

15 Eigarskifte, omdanning mv. 20

16 Nedlegging 20

17 Tilsyn 21

Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter 21

Vedlegg 2 – Oversikt over avfallstypar, aktivitetar, mengder og lagringstider 24

Vedlegg 3 Kart over området og innebygging av anlegget 26

1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av avfall. Tillatne avfallsfraksjonar og mengder er regulert i punkt 9.2 og går fram av tabell 1 og 2 i vedlegg 2. Løyvet gjeld for behandling av inntil 150 000 tonn avfall per år i vaskeanlegg og lagring før deponering i Stendafjellet. Samla mengde avfall på området til bedrifta skal ikkje på noko tidspunkt overstige 22 000 tonn. Samla mengde ferdig produkt skal ikkje på noko tidspunkt overstige 22 000 tonn. Tillaten behandling av avfallet er nærmare regulert i punkt 9.2 og går fram av tabell 2 i vedlegg 2.

Det er ikkje tillate å ta imot massar som er forureina med PFAS på anlegget. Det er ikkje tillate å ta i mot farleg avfall.

Bedrifta skal gi ansvarleg for etterdrift av deponiet i Rådalen nødvendig tilgang til deponiet og overflaten på eige område for å sikre drift i samsvar med vilkåra, inkludert å kartlegge, overvake og gjennomføre drift, vedlikehald, oppgradering og utbetring av arrondering, toppdekke og anlegg for deponigass, overvatn og sigevatn.

Vedlegg 3 viser kart over området som anlegget har aktivitetar på og området som løyvet er gjeldande for.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 14. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av dei prioriterte miljøgiftene oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 14.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som er vanleg for den aktuelle type verksemd i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar bedrifta å redusere utsleppa sine, støy medrekna, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 til 14.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3. Der det finst relevante BAT-konklusjonar for verksemda, skal det nye utstyret vere i samsvar med desse, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal bedrifta gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir teke avgjerd om val av utstyr.

Dersom bedrifta ønskjer å endre utsleppspunkt som er fastlagt i vilkår i løyvet må bedrifta søkje om løyve til dette.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal bedrifta syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader sette i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Bedrifta skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.4.

2.7 Internkontroll

Bedrifta pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift [2]. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Bedrifta pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Bedrifta skal til ei kvar tid ha oversikt over alle forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 13.1.

[2] Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

2.8 Kompetanse

Bedriften skal i den daglege drifta råde over dokumentert kompetanse på minimum bachelornivå med kjemi, biologi, fysikk eller andre relevante fagdisiplinar. Dokumentert realkompetanse kan i enkelte tilfelle, og etter ei konkret vurdering, kompensere for manglande formell kompetanse. Bedriften må kunne dokumentere at personen(e) med kompetanse er til stades på anlegget ofte nok til å kunne avdekke og følge opp utfordringar som oppstår i den daglege drifta. Dette inneber mellom anna at den skal ha god oversikt over aktivitetane på anlegget for raskt å kunne ta tak i problem og hindre at miljøfarlege situasjonar oppstår.

Alle som handterer avfall i bedriften skal ha dokumentert opplæring i slik handtering.
Bedriften skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse på anlegget til å kunne vurdere verksemda si miljørisiko og gjennomføre forbetringstiltak for å sikre at verksemda driv i tråd med løyvet og anna regelverk.

2.9 Driftstid

Måndag til fredag: 06:30-19:00.
Laurdag: 07:00- 13:00.
Det er ikkje tillate med drift på søndagar eller heilagdagar.
Steinknusing kan utførast maksimalt 10 dagar i året og mellom kl 7 og 19, måndag-fredag.

Drift inkluderer også all handtering av konteinerar, inn-, ut- og interntransport av avfall, eller anna verksemd som fører til støy.

Drift på laurdagar forutset at Fanavegen 207 og Fanavegen 209, som FSG eig, ikkje blir nytta til bustadformål. Dersom det blir aktuelt å bruke desse husa til bustadformål må vi gjere nye vurderingar av driftstider.

3 Utslepp til vatn

3.1 Grenseverdiar for avrenning frå avfall før behandling

Avrenning frå massar som skal til handsaming i vaskeanlegget skal samlast opp og skal førast til spillvassnettet til kommunen. I det same påsleppet skal også avrenning frå lagring av avfall[3] som skal til Stendafjellet deponi inngå og spyle- og vaskevatn frå vaskeanlegg for kjøretøy inngå.

Grenseverdiane i Tabell 3.1 gjeld for dette påsleppet. Påsleppet er avgrensa til 580 m^3 årleg. Ei meir presis, og eventuelt også strengare regulering vil bli gjennomført med grunnlag i utgreiing som bedrifta i samsvar med punkt 14.1 skal sende til Statsforvaltaren.

[3] Det som ikkje går blir deponert direkte

Tabell 3.1: Grenseverdiar for komponentar med krav om målingar

Kjelde	Komponent	Grenseverdiar (mg/l) (Midlingstid = 24 timar)
Avrenning frå lagra forureina massar, spyle- og vaskevatn får vaskeanlegg for kjøretøy, avrenning frå mottak avfall til Stendafjellet deponi	Suspendert stoff	30
	Olje	5
	Arsen	0,004
	Kadmium	0,0002
	Krom	0,0035
	Kobber	0,05
	Bly	0,002
	Nikkel	0,02
	Sink	0,1
	Kvikksølv	0,000015

3.2 Grenseverdiar for prosessvatn som skal gjenbrukast

Vatn som skal bli brukt til vasking av massar blir rekna som prosessvatn. Dersom prosessvatn etter reinsing overheld grenseverdiane i Tabell 3.2, skal det sirkulerast inn i prosessen igjen. Mengda vann inn til reinseanlegget må målast kontinuerleg.

Det er ikkje tillate å sleppe ut prosessvatn i resipient. Prosessvatn som ikkje overheld grenseverdiane i Tabell 3.2 må leverast til godkjent anlegg.

Tabell 3.2: Grenseverdiar for komponentar med krav om målingar

Kjelde	**Komponent**	**Grenseverdiar[4]** (mg/l) (Midlingstid = 24 timar)
Prosessvatn	TOC	30
	Suspendert stoff	50
	Olje	10
	Arsen	0,01
	Kadmium	0,005
	Krom	0,01
	Kobber	0,05
	Bly	0,01
	Nikkel	0,02

[4] Grenseverdiane gjeld for utfortynna prosessvatn og ved normal drift

	Sink	0,1
	Kvikksølv	0,0005
	PAH16	0,002
	PCB7	0,00001
	Benzo(a)pyren	0,00001
	Etylbenzen	0,01
	Toluen	0,0074
	Xylen	0,01
	PFAS	0,0001

3.3 Grenseverdiar for avrenning frå ferdig vaska massar

Avrenning frå massar som er ferdig vaska skal samlast opp. Vatn frå innandørs lagring skal nyttast som prosessvatn.

Vatn frå utandørs lagring kan nyttast som prosessvatn. Alternativt kan dette oppsamla vatnet førast til kommunen sitt overvassnett. Grenseverdiane i 3.3 gjeld for utsleppet til overvassnettet. Utsleppet skal ikkje vere forureina med prioriterte stoff, jf. vedlegg 1. Ei meir presis, og eventuelt også strengare regulering vil bli gjennomført med grunnlag i utgreiing som bedrifta i samsvar med punkt 14.1 skal sende til Statsforvaltaren.

Tabell 3.3: Grenseverdi for komponentar med krav om målingar

Kjelde	**Komponent**	**Utsleppsgrenser** Konsentrasjon (mg/l)
Avrenning frå massar som er ferdig vaska	Suspendert stoff (SS)	30

3.4 Utsleppsreduserande tiltak

Takvatn skal førast utanom avfallsanlegget eller nyttast som prosessvatn. Overvatn frå område som er ikkje er ein del av anlegget skal avskjerast.

Reingjering av dekke, golv, konteinarar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar.

4 Utslepp til luft

4.1 Støv

Verksemda skal drive slik at støv ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for naboar og miljø. Verksemda skal gjennomføre effektive tiltak for å hindre støvutslepp frå all støvande aktivitet.

Det skal lagast planar for å førebygge og hindre støv. Planane skal baserast på risikovurdering, jf. punkt 13.1. Ved spesielle vêr- eller driftsforhold som fører til auka risiko for støvflukt, skal det om nødvendig setjast i verk ekstra tiltak.

4.2 Lukt

4.2.1 Luktavgrensing

Verksemda skal drivast slik at luktulemper i omgivnadane blir avgrensa mest mogleg.
Frekvensen av gjenkjennbar plagsam lukt ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

4.2.2 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i tråd med anbefalingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet si rettleiing *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven.* Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

4.2.3 Førebyggande tiltak og driftsplan

På bakgrunn av luktrisikovurderinga skal bedrifta setje i verk luktrisikoreduserande tiltak. Bedrifta skal ha ein driftsplan som sikrar at luktulemper ved verksemda blir avgrensa. Planen skal vere i tråd med anbefalingane gitt i vedlegg 4 til Miljødirektoratet si rettleiing *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal driftsplanen oppdaterast.
Bedrifta skal dagleg føre ein driftslogg, slik at det kan dokumenterast at driftsplanen er følgt.

4.2.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og klageregistrering

Bedrifta skal ha ein lukthandteringsplan og ein kommunikasjonsplan som er i tråd med Miljødirektoratet si rettleiing *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven.*
Bedrifta skal informere Statsforvaltaren og naboar når det er planlagt aktivitet som mellombels kan føre til auka luktbelastning. Det same gjeld dersom svikt i utstyr eller liknande kan føre til auka luktplager.

Bedrifta skal ha eit system for registrering av innkommande luktklager som skal knytast til stad og tid. Det skal gjerast ei vurdering av klagen opp mot driftsplanen og andre relevante forhold, og eventuelle gjennomførte tiltak skal omtalast. Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for naboane og rapporterast til Statsforvaltaren i samsvar til punkt 11.5.

5 Grunnforureining

Verksemda skal ikkje føre til utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skader eller ulemper for miljøet.

Bedrifta pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Bedrifta pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp til grunn eller grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast

og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Bedrifta pliktar å halde oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet. Det same gjeld faren for spreiing, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Terrenginngrep som kan føre til fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2[5], og eventuelt løyve etter forureiningslova.

Ved endeleg nedlegging av verksemda, skal verksemda vurdere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn med omsyn til mogleg forureining av relevante farlege stoff som er brukte, framstilte eller slepte ut ved verksemda og sette i verk dei tiltaka som følgjer av forureiningslova § 7 og § 20. Plan for tiltak skal sendast Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan setje ytterlegare krav med heimel i forureiningslova. Sjå også punkt 16.

5.1 Særskilte krav til terrenginngrep

Bedrifta sitt område er registrert i Grunnforureiningsdatabasen og alle terrenginngrep må ha godkjent tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2, eventuelt løyve etter forureiningslova. Når tiltaksplan vart sendt til kommunen for godkjenning, skal Statsforvaltaren ha kopi. Terrenginngrep oppå nedlagt deponi må avklarast med driftsansvarleg for deponiet.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal bedrifta dokumentere at det er gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Bedrifta pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Bedrifta skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar bedrifta å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.[6]

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket[7] og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

[5] Jf. forurensningsforskriften kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid
[6] Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a
[7] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

7 Støy

Verksemdas bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Måndag – Fredag (kl. 07-18:30) $L_{pAekv11,5h}$	**Laurdag (kl. 07-13)** $L_{pAekv5h}$	**Natt (kl. 06:30-07)** $L_{pAekv0,5\ h}$	**Natt (kl. 06:30-07)** L_{AFmax}
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

L_{pAeqT} er A-vega gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid der T angir midlingstida i tal på timar.
L_{AFmax}, som er gjennomsnittleg A-vega maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor type som er etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

Alle støygrenser skal haldast innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda, inkludert intern transport på verksemda sitt område samt lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemda sitt område er likevel ikkje omfatta av grensene.

Bedrifta skal utarbeide støysonekart for verksemda si, jf. punkt 14.3 som viser støy i raude og gule soner i tråd med Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442 (kap. 2.2.1) og soner med støynivå tilsvarande grenseverdiane gitt i løyvet. Karta skal sendast til kommunen og Statsforvaltaren og skal haldast oppdatert.

8 Energi

8.1 Energileiing

Bedrifta skal ha eit system for energileiing i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til bedrifta, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

Systemet skal vere etablert innan 1. mars 2026.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Bedrifta skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

8.3 Spesifikt energiforbruk

Verksemda skal berekne spesifikt energiforbruk og rapportere dette årleg, jf. punkt 11.5.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Det er ikkje tillate å tynne ut eller blande avfall i den hensikt å oppfylle kriterium for mottak.

9.2 Krav til dokumentasjon før mottak av avfall

Bedriften skal ha ei risikobasert prosedyre for vurdering av mottak av massar. Bedriften må før dei tar imot avfall vurdere om det er eigna for behandling i bedriften sitt anlegg. Vurderinga skal være basert på tidlegare erfart reinseeffekt for det aktuelle avfallet.

Avfallet skal være undersøkt for innhald av relevante forureinande stoff før avfallet tas imot. Det må tas eit tilstrekkeleg tal prøvar til at desse er representative. Rapport som omtaler staden der massene blei tatt ut, inkludert beskrivelse av variasjonen i forurensningsnivå, må følge med som ein del av dokumentasjonen.

Dokumentasjon skal sendast på førehand. Dokumentasjon på mottatt avfall skal oppbevarast i minst 3 år.

9.3 Mottakskontroll

Alt avfall som blir tatt i mot ved anlegget skal registrerast over vekt med avfallskode etter Norsk Standard. Avfallet skal kontrollerast. Det skal gjennomførast visuell kontroll av kvar last. Bedriften skal ta eigne stikkprøvar for å vurdere forureiningsgrad av mottatt avfall. Frekvens for stikkprøvetaking skal fastsettast etter at det er gjennomført prøveperiodar, jf. punkt 14.2.

Bedriften skal ha tilstrekkelege rutinar som sikrar at det berre tas imot massar som det er gitt løyve til å handtere på anlegget. Ulovleg avfall som likevel er kome inn i anlegget skal registrerast som avvik og leverast vidare til lovleg avfallsanlegg med nødvendig løyve så snart som mogleg. Bedriften skal loggføre mottakskontrollen og avvik som blir oppdaga. Denne loggen skal kunne leggast fram på førespurnad.

9.4 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall

Bedrifta skal ha eit system for å dokumentere alle nødvendige opplysningar for opphav, forureiningsgrad, mottak, lagring, behandling og vidarelevering av avfall. Ved prøvetaking av avfallet skal analyserapportar inngå i systemet. Opplysningar om mengde avfall på lager til ei kvar tid, lagringstid og om behandla mengd avfall skal dokumenterast. Opplysningane skal vere lett tilgjengeleg ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år. Opplysningane inngår i eigenkontrollrapporteringa, jf. punkt 11.5.

9.5 Generelle krav til handtering

a. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.7 Internkontroll og punkt 13 Førebyggande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining.
b. Bedrifta skal ha kart der det går fram kvar ulike typar avfall er lagra.
c. Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra avfall skal vere merka slik at det går fram kva som er lagra.
d. Avfall av ulik type og forureiningsgrad skal ikkje blandast saman dersom dette kan føre til fare for forureining, eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet.

e. Alle forureina massar < 90 mm skal vaskast. Massar > 90 mm skal leverast til godkjent mottak dersom dei har forureining bunden til overflata.
f. Lagring og behandling av avfall skal skje på tett dekke og under tak.
g. Anlegget skal ha tak og veggar minimum som vist i figur 2 i vedlegg 3.
h. Masser som har opphørt å være avfall, skal lagres på minimum fast dekke og adskilt fra avfall. Massar som er mindre enn 4 mm skal lagrast innandørs i minst 12 timar for avrenning.
i. Verksemda skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreiing og etablering av framande skadelege artar. Risikoen for spreiing av framande skadelege artar skal inngå i miljørisikovurderinga, jf. www.artsdatabanken.no.

9.6 Dokumentasjon av behandla massar

Forureina massar kan, jf. forureiningslova § 27, opphøyre å være avfall når dei som minimum:

1. har gjennomgått gjenvinning,
2. er alminneleg brukt til bestemte formål,
3. kan omsettast i ein marknad eller er gjenstand for etterspørsel,
4. innfrir dei tekniske krava som følger av dei aktuelle bruksområda og eventuelle produktkrav og -standarder, og
5. ikkje medfører nemneverdig høgare risiko for helseskade eller miljøforstyrring enn tilsvarande gjenstandar og stoff som elles kunne blitt brukt.

Samtlege kriterium 1-5 skal være oppfylt. Bedriften skal vurdere om dei behandlede massane ikkje lenger skal anses som avfall. Vurderingane skal være dokumentert.

For reinsa massar som skal gjenbrukast, slik at dei erstattar jomfruelege jord- og steinmassar, må bedriften dokumentere følgjande:

a) Masser skal tilfredsstille normverdiar for reine masser, jf. forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1
b) Massane skal ikkje innehalde nivå av prioriterte miljøgifter, jf. vedlegg 1, av miljømessig betydning.
c) Unntak frå nokre av krava i a) og b) går fram av vilkår 9.6.1.
d) Reine masser som blir mottekne til anlegget må lagrast separat frå forureina masser.

Reine masser må vaskast og prøvetas separat. Ferdig vaska reine massar skal også lagrast separat. Det er ikkje tillat å fortynne avfall med hensikt å komme under grenseverdiar.

Forureiningsgraden i massane som er behandla skal dokumenterast i samsvar til eit prøvetakingsprogram, slik at ein får konstatert om massane tilfredsstiller krava nemnd over. Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei aktuelle massane. Det skal som minimum testast for dei stoffa massane var forureina med før behandling. Prøvetakingsprogrammet skal være oppdatert og ta omsyn til resultat frå testing.

Massane skal ikkje innehalde synleg søppel. Eventuelt søppel må fjernes enten i forkant av, eller i forbindelse med vaskeprosessen.

9.6.1 Bunden bruk av 0-8 mm

Massar i fraksjonen 0-8mm kan nyttast til bunden bruk i asfalt- og betongproduksjon med verdiar av PAH16 og BaP over normverdiar i forureiningsforskrifta kap 2, vedlegg 1 med følgande rammer og grenseverdiar:

Benzo[a]pyren (BaP) skal prøvetas gjennom representative målingar av 0-8mm. For bunden bruk i asfalt- og betongproduksjon gjeld desse grenseverdiane:

- Årleg gjennomsnitt skal vere < 0,35 mg/kg
- Maksimal konsentrasjon skal vere < 2 mg/kg

PAH16 skal prøvetas gjennom representative målingar av 0-8 mm. For bunden bruk i asfalt- og betongproduksjon gjeld desse grenseverdiane:

- Årleg gjennomsnitt skal vere < 3,6 mg/kg
- Maksimal konsentrasjon skal vere < 30 mg/kg

For andre stoff gjeld krav som beskrive i vilkår 9.6.

9.7 Eigenprodusert avfall

Bedriften skal ha oversikt over ulike typar avfall som oppstår i verksemda. Dette omfattar mellom anna eventuelle massar som ikkje let seg reinse tilstrekkeleg til at dei tilfredsstiller krava for produkt, jf. punkt 9.6, filterkaker frå reinsing av massar, avfall som blir sortert ut frå massane, mv.

Avfall som oppstår i verksemda skal handterast etter avfallsforskrifta og leverast til behandlingsanlegg eller deponi med løyve til å ta det imot. Avfall etter vaskeprosessen, dvs. filterkaker som består av finpartiklar med partikkelstorleik under 0,063 mm, må basiskarakteriserast og testast, jf. avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II før dei blir levert ut frå anlegget. Det er ikkje tillate å fortynne avfall med hensikt å komme under grenseverdiar.

10 Deponi

Bedriften har deponi som er regulert med eige løyve.

11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

11.1 Kartlegging av utslepp

Bedrifta plikter å kartleggje verksemda sine utslepp til luft og vatn på ein systematisk måte. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp. Bedrifta skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av eit program for utsleppskontroll (punkt 11.4).

Bedrifta skal også kartleggje støy frå verksemda si, jf. punkt 7.

11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre målingar. Målingane skal omfatte volumstraumsmåling, prøvetaking, analyse og berekning.
Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei faktiske utsleppa frå verksemda og dei skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiane som fastsette i Tabell 3.1 under punkt 3.1 i løyvet

- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar som er fastsette i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljøverknad og difor er omfatta av rapporteringsplikta

Bedrifta skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – berekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

11.3 Kvalitetssikring av målingane

Bedrifta er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Bedrifta må i slike tilfelle kunne dokumentere at særlege omsyn ligg føre, og at metoden som er vald, gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstraumsmåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøver
- jamleg utføre kontroll av og kalibrere måleutstyr

11.4 Program for utsleppskontroll

Bedrifta skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.
I programmet skal bedrifta gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 11.1 første avsnitt), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3).

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- ei utgreiing av dei faktiske utsleppa verksemda har til luft, vatn, og støy, med ei oversikt over volum og innhald i alle utsleppstraumar, til luft og vatn
- ein omtale av dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – berekning) for kvar straum og komponent
- ein omtale av måleutstyr som blir brukt til målingar, og frekvensar for kontroll og kalibrering av måleutstyret
- ei grunngiving for val av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikkar (metodar og frekvens)
- ein omtale av valde metodar/standardar for analyse
- ei utgreiing av kva usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

11.5 Rapportering til Statsforvalteren

Innan 1. mars kvart år skal bedrifta rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via www.altinn.no når dette blir etablert for avfallsanlegg. Miljødata omfattar mellom anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontroll. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratet si rettleiing til verksemda si eigenrapportering, sjå www.miljødirektoratet.no. Inntil rapportering på www.altinn.no blir tilgjengeleg skal det rapporterast på skjema utarbeidd av Statsforvaltaren.

Bedrifta skal saman med den årlege eigenkontrollrapporteringa sende avfallsrekneskap som viser ein oversikt over alt avfall som er mottatt, lagra, behandla og/eller sendt vidare.

Bedrifta skal samtidig med den årlege eigenkontrollrapporteringa sende Statsforvaltaren ein rapport om tal på luktklager og tal på lukthendingar ved bedrifta det siste året. Det skal gjerast greie for årsaka til dei enkelte lukthendingane og/eller luktklagene, og eventuelle tiltak som er gjennomførte for å avgrense eller stanse utsleppet.

12 Miljøovervaking

12.1 Overvaking av resipientar

Bedrifta skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av verksemda i samsvar med eit overvakingsprogram. Dette gjeld også moglege effektar på luft, grunn, vatn og sediment i den grad dette er aktuelt.

12.2 Overvaking etter vassforskrifta

Statsforvaltaren vil regelmessig vurdere om det er nødvendig med overvaking i vassresipient i tråd med krav i vassforskrifta for tiltaksorientert overvaking. Statsforvaltaren kan pålegge bedriften å delta i eit samarbeid med andre aktørar i overvakingsprogram som er relevante for den påverknad verksemda eventuelt påfører resipienten.

12.3 Overvaking av grunn og grunnvatn

Verksemda har ikkje krav om overvaking av grunn og grunnvatn. Dersom verksemda planlegg å endre handtering av avfall og drifta slik at risikoen for forureining av grunn og grunnvatn kan auke i forhold til miljøgeologisk undersøking (dokumentkode 10245793-RIGm-RAP-001), skal bedrifta informere Statsforvaltaren. Bedrifta kan då bli pålagt å sørge for overvaking av grunn og grunnvatn.

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

13.1 Miljørisikoanalyse

Bedrifta skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Bedrifta skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle hendingar som kan føre til akutt forureining av vatn, grunn og luft, skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og han skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvêr, flom etc. og framtidige klimaendringar.

Bedrifta skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Førebyggjande tiltak

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Bedrifta skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

13.3 Beredskap

Dersom dei førebyggjande tiltaka ikkje har redusert miljørisikoen til eit akseptabelt nivå, må bedrifta utarbeide ein beredskapsplan med utgangspunkt i miljørisikoanalysen i 13.1.

13.3.1 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta utarbeide ein beredskapsanalyse for restrisiko som gjenstår etter at førebyggjande tiltak er sette i verk. For kvar av hendingane som utgjer restrisiko skal bedrifta utarbeide og grunngi:

a. organisering av beredskapen
b. nødvendig beredskapsutstyr
c. nødvendig mannskap
d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

13.3.2 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurderte til å utgjere størst miljørisiko.

13.3.3 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemda sin internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

13.3.4 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gong per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga, inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgde opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

13.3.5 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[8]. Bedrifta skal også så snart som mogleg melde frå til Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

14 Undersøkingar og utgreiingar

14.1 Utgreiing av utslepp til vatn

Bedrifta skal kartleggje/gjere greie for innhald av forureining, inkludert prioriterte miljøgifter, i punktutsleppa ved å

- kartleggje kjelder til punktutslepp
- talfeste storleiken på kvart punktutslepp
- identifisere kva for stoff, inkludert prioriterte miljøgifter, desse utsleppa kan innehalde. Bedrifta skal utføre nødvendige målingar for å kunne bestemme innhald av dei ulike stoffa i utslippa
- gjennomføre ei miljørisikovurdering av desse utsleppa

Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. mars 2026.

14.2 Krav til utgreiing ved vasking av nye avfallstypar og typar forureining

Før oppstart av normal drift for ein avfallstype innanfor rammene i vedlegg 2, skal bedriften gjennomføre ein testperiode for ulike typar avfall og forureining. På bakgrunn av dokumentasjon frå testperioden vil Statsforvaltaren vurdere om det er nødvendig å endre mengde og type avfall som kan tas i mot på anlegget.

Prøveperiode fase 1

I første fase av prøveperioden skal mottak, testing og dokumentasjon avgrensast til eit og eit prosjekt om gongen. I denne perioden skal verksemda teste og dokumentere reinsemetoden og korleis anlegget taklar ulike typar forureiningar, inkludert prioriterte miljøgifter og oljeforureining, samt reinseeffekten på dei typar masser som det er planlagt å ta imot ved anlegget.

Prøveperiode fase 2

Når prøveperiode 1 er ferdig skal det testast om anlegget fungerer ved mottak av avfall frå fleire typar prosjekt samtidig og normal belastning. I denne delen av testperioden skal det testast og dokumenterast om anlegget fungerer når det blir belasta med mykje avfall samtidig og desse inneheld mange typar forureiningar.

Krav til dokumentasjon i prøveperioden

- **Massane si forureiningsgrad etter vask** skal dokumenterast slik: Dokumentasjon av massar under 4 mm skal skje ved analyse av innhald av forureining, medan det for masser over 4 mm som minimum skal dokumenterast ved at dei ikkje har synleg forureining på overflata. Prøvetaking skal være representativ. I fase 1 skal det for kvar avfallstype/prosjekt/type forureining tas minst ein prøve for kvart 100 tonn. Det skal som minimum analyserast på As, Cd, Cr, Cu, Pb, Hg, Ni, Zn, PCB, PAH16, BTEX og olje. Dersom det er mistanke om innhald av PFAS skal

[8] Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

dette også analyserast. I tillegg skal det vurderast om massane kan vere forureina med andre stoff som det også må analyserast på. Bedrifta skal vurdere behovet for analyse av eventuelle tilleggsparametere før mottak av avfall frå eit nytt prosjekt startar.

- **Massane si forureiningsgrad før vask:** I fase 1 skal massane si forureiningsgrad før vask dokumenterast på same måte som for vaska massar. I fase 2 må bedrifta sjølv vurdere prøvetakingsfrekvens for massar som kjem inn til anlegg. Prøvetakinga må vere representativ.
- **Prosessvatn:** I prøveperioden må det tas minimum mengdeproporsjonale døgnblandprøver av vatn som går inn i og ut av reinseanlegget. Prøvane må fordelast slik at prøvetakinga blir representativ for kvart av prosjekta i prøveperioden. Prøvane skal som minimum analyserast på stoffa i Tabell 3.2 i punkt 3.2, samt eventuelle andre relevante parametere.
- **Avrenning frå vaska massar:** Innhald av forureining i vatn som renn av frå vaska massar skal analyserast for dei same parametrar som for massane. Prøvetakinga skal vere representativ.
- **Rapportering:** Innan 4 veker etter at prøveperioden er avslutta skal verksemda sende rapport til Statsforvalteren som minst skal omfatte:
    - oppsummering og vurdering av dei ulike fasane av prøveperioden. Bedrifta må vurdere effekten av reinseanlegget, inkludert ei vurdering av om det er nokre typar forureining som anlegget ikkje er eigna til å behandle, eventuelt om det er behov for å supplere anlegget med nye reinsetrinn.
    - justert prøvetakingsprogram for normal drift
    - om det er behov for tiltak for å sikre drift i tråd med vilkåra i løyvet

14.3 Utarbeiding av støysonekart

Støysonekart som er utarbeidd i samsvar med punkt 7 skal sendast til kommunen og Statsforvaltaren innan 01.03.2025.

15 Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom det driftsansvarlege selskapet blir overdregen til ny eigar eller driftsansvaret blir overført til anna selskap, skal bedrifta sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

16 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal bedrifta i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille ytterlegare garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som alt er stilt i samsvar med løyvet løper vidare til Statsforvaltaren etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

Ved nedlegging eller stans skal bedrifta sjå til at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift[9]. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukte kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sjå til at driftsstaden blir sett i tilfredsstillande miljøstand innan 1 år.

Bedrifta skal også for nedleggingsåret rapportere miljødata og eventuelle avvik via altinn.no, jf. punkt 11.5.
Dersom det er ønskjeleg å starte verksemda på nytt, skal bedrifta melde frå til Statsforvaltaren i god tid før planlagt oppstart.

17 Tilsyn

Bedrifta pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.
Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 til 14.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	**Vanlege forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

[9] Avfallsforskriften kapittel 11 om farlig avfall

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C_{10} - C_{13} (kloralkan C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjeda klorparafin C_{14} - C_{17} (kloralkan C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat

Nonylfenolar og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salt av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl. salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Perfluorheksansyre	PFHxA
2,3,3,3-tetrafluoro-2-(heptafluoropropoksy)propionsyre	HFPO-DA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon	**PAH**
Ftalat	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP
Bisfenol A	**BPA**
Siloksan	
Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4
Organiske UV-filter	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350
3-benzylidene-1,7,7-trimethylbicyclo[2.2.1]heptan-2-one	3-BC

Vedlegg 2 – Oversikt over avfallstypar, aktivitetar, mengder og lagringstider

Tabell 1: Avfallstypar som kan takast imot og mengder som til ei kvar tid kan lagrast:

Avfallsstoffnummer	**Avfallstype**	**Mengde (tonn)** som til ei kvar tid kan lagrast	**Maksimal lagringstid**
1601	Reine gravemassar	22 000 tonn	12 månader
1603	Lett forureina massar: Jord, stein og grus som oppfyller kriterier for mottak på deponi for inert avfall, sjå avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II punkt 2.1		
1604	Forureina massar: Jord, stein og grus m.m. som er forureina, men ikkje klassifisert som farleg avfall.		
1399	Blanda glas (inert avfall)		
1617	Mineralull (inert avfall)		
1611	Betong utan armeringsjern		
1612	Betong med armeringsjern		
1613	Tegl og takstein		
1614	Forureina betong og tegl		
1618	Keramikk og porselen		
1672	Blåsesand		
9916	Gateoppsop		
9917	Shredderavfall		
9918	Ristgods, silgods, sandfang		
Egenegenerert avfall	Filterkake		

Tabell 2: Tillatne avfallstypar, avfallsmengder og behandlingsmåtar:

Avfallsstoff-nummer	**Avfallstype**	**Årleg mengde (eining/år)**	**Behandlingsmåtar**
1601	Reine gravemassar	150 000 tonn	Sortering Jordvaskeanlegg*
1603	Lett forureina massar: Jord, stein og grus som oppfyller kriterier for mottak på deponi for inert avfall, sjå avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II punkt 2.1		
1604	Forureina massar: Jord, stein og grus m.m. som er forureina, men ikkje klassifisert som farleg avfall.		
1399	Blanda glas (inert avfall)	Regulert av løyve 2012.0206.T	Mottakskontroll Lagring
1617	Mineralull (inert avfall)		
1611	Betong utan armeringsjern		
1612	Betong med armeringsjern		
1613	Tegl og takstein		
1614	Forureina betong og tegl		
1618	Keramikk og porselen		
1672	Blåsesand		
9916	Gateoppsop		
9917	Shredderavfall		
9918	Ristgods, silgods, sandfang		

***** Før normal drift blir sett i gang er det ei føresetnad at det er sendt inn dokumentasjon etter testperioden på at anlegget kan behandle den aktuelle avfallstype og type forureining, jf. pkt 14.2.

Vedlegg 3 Kart over området og innebygging av anlegget



Figur 1: Kartet viser området som FSG har aktivitet på og det området løyvet er gjeldande for.



Figur 2: Eksisterande vegger i delvis open hall med takoverbygg er vist med oransje strek. Fasadeplater i grønt skal etablerast før anlegget kan settast i drift. Det skal vere vegger rundt vaskeanlegget. Dette er vist med lilla streker. Vaskeanlegget skal også ha takoverbygg.

Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 04.09.2026
Vår ref: 2019/12290
Dykkar dato:
Dykkar ref:

FANA STEIN & GJENVINNING AS
Fanavegen 213
5239 RÅDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Espeset, 5557 2141

Vedtak om bunden bruk av 0-8 mm som er produsert i vaskeanlegg - Fana Stein & Gjenvinning AS

Vi viser til søknad datert 26.02.2026 om bunden bruk av fraksjonen 0–8 mm, som er handtert i vaskeanlegget til Fana Stein & Gjenvinning AS (FSG), i asfaltproduksjon. FSG fekk utsleppsløyve for vaskeanlegget 20.09.2024.

1 Vedtak

I medhald av forureiningslova §11, jf 16 og §18, første ledd punkt 2 har vi endra løyvet til Fana Stein & Gjenvinning (FSG) AS av 20.09.2024. Vi opnar for at 0-8 mm med innhald av PAH og BaP som overstig normverdiane i forureiningsforskrifta kap 2, vedlegg 1 kan brukast til bunden bruk i betong- og asfaltproduksjon. Vi har fastsett grenseverdiar for kor høge konsentrasjonane av PAH16 og BaP kan vere.

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeidet med løyver. Vi varslar at saka er plassert i gebyrsats 6, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Gebyret vil då vere 44 300 kroner. De kan kommentere storleiken på gebyret innan 2 veker.

2. Bakgrunn for saka

2.1 Dette søker FSG om

I løyvet av 20.09.2024 er det stilt følgande krav til ferdig vaska massar:

> 9.6 Dokumentasjon av behandla massar
>
> Forureina massar kan, jf. forureiningslova § 27, opphøyre å være avfall når dei som minimum:
>
> 1. har gjennomgått gjenvinning,
> 2. er alminneleg brukt til bestemte formål,
> 3. kan omsettast i ein marknad eller er gjenstand for etterspørsel,
> 4. innfrir dei tekniske krava som følger av dei aktuelle bruksområda og eventuelle produktkrav og -standarder, og
> 5. ikkje medfører nemneverdig høgare risiko for helseskade eller miljøforstyrring enn tilsvarande gjenstandar og stoff som elles kunne blitt brukt.
>
> Samtlege kriterium 1-5 skal være oppfylt. Bedriften skal vurdere om dei behandlede massane ikkje lenger skal anses som avfall. Vurderingane skal være dokumentert.
>
> For reinsa massar som skal gjenbrukast, slik at dei erstattar jomfruelege jord- og steinmassar, må bedriften dokumentere følgjande:
>
> - Masser skal tilfredsstille normverdier for reine masser, jf. forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1.
> - Massene skal ikkje innehalde nivå av prioriterte miljøgifter, jf. vedlegg 1, av miljømessig betydning.
>
> Det er ikkje tillate å fortynne avfall med hensikt å komme under grenseverdiar. Forureiningsgraden i massane som er behandla skal dokumenterast i samsvar til eit prøvetakingsprogram, slik at ein får konstatert om massane tilfredsstiller krava nemnd over. Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei aktuelle massane. Det skal som minimum testast for dei stoffa massane var forureina med før behandling. Prøvetakingsprogrammet skal være oppdatert og ta omsyn til resultat frå testing.
>
> Massane skal ikkje innehalde synleg søppel. Eventuelt søppel må fjernes enten i forkant av, eller i forbindelse med vaskeprosessen.

FSG har dokumentert i si drift at ferdig vaska 0-8 mm i nokre få tilfelle er forureina med tungmetall og PCB. Dersom dette skjer vil FSG deponere desse massane i deponi. I periodar inneheld 0-8 mm PAH16 og BaP i nivå over normverdien. FSG vurderer at opphavet til PAH i massane som kjem inn til vaskeanlegget er kol og asfalt.

FSG leverer i dag jomfrueleg 0-8 mm frå sanduttak til asfaltproduksjonen til NCC i Rådalen. FSG søkjer no om i staden å få levere 0-8 mm frå vaskeprosessen som har høgare nivå av PAH16 og BaP enn normverdi som erstatning for jomfrueleg 0-8 mm. 0-8 mm utgjer om lag 30 % av produksjonen ved vaskeanlegget. Konkret søker verksemda om å få levere 0-8 mm med eit innhald av PAH16 på 50 mg/kg og ei innhald av BaP på 5 mg/kg. Normverdiane for desse stoffa er 2 mg/kg og 0,1 mg/kg.

2.2 Eigenskapar til PAH16 og BaP

PAH er ei samlenemning for mange stoff og blir ofte kalla tjærestoff. Dei finst i steinkoltjære og kreosot – og i råolje. PAH blir dessutan danna ved all ufullstendig forbrenning av organisk materiale, til dømes trevirke. Stoffgruppa PAH består av hundrevis av ulike organiske sambindingar som er bygde opp av to eller fleire benzenringar. Giftigheita til dei ulike PAH-sambindingane varierer. Det

amerikanske miljøvernbyrået (EPA) har valt ut 16 av desse som standardindikatorar. Dette blir gjort fordi dei blir rekna som dei mest skadelege og er lettast å spore i miljøet. Analysar på desse blir kalla PAH16. Benzo[a]pyren (BaP) er ein av dei 16 PAHane.

Miljøeffektar: Giftig for vasslevande organismar
PAH-sambindingar blir brotne svært sakte ned i miljøet og hopar seg lett opp i organismar. Fleire PAH-sambindingar, mellom anna BaP, er svært giftige i miljøet og har alvorlege langtidsverknader (PBT-stoff). Studiar har òg vist at PAH-sambindingar kan påverke forplantningsevna hos fisk.

Helseeffektar: Kan skade forplantningsevna
BaP blir rekna som ei av dei mest helse- og miljøskadelege PAH-sambindingane og har mange alvorlege effektar. Stoffet kan forårsake kreft, genetiske skadar, skade forplantningsevna og gi fosterskadar. Det kan òg gi allergiske hudreaksjonar.

PAH blir rekna som eit persistent organisk stoff (POP)
PAH er omfatta av ECE-protokollen om persistente organiske sambindingar (POP-ar). ECE-protokollen stiller krav om både reduksjon i utslepp frå industrien, bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT) og utsleppsgrenser for bilar.

PAH står på den norske prioritetslista
Miljøgifter og andre stoff som utgjer ein alvorleg trussel mot helse og miljø, blir ført opp på den norske prioritetslista. Prioritetslista omfattar 90 stoff og stoffgrupper. PAH står på den norske prioritetslista. Norge har eit nasjonalt mål om at bruk og utslepp av stoffa som står på prioritetslista skal fasast ut.

2.3 Innhald av PAH og BaP i 0-8 mm frå FSG
I søknaden har FSG lagt fram prøvetakingsresultat av i alt 102 prøvar av 0-8 mm tatt i perioden september 2024 til november 2025.

Generelt varierer nivåa av BaP frå under deteksjonsgrensa og opp til 2 mg/kg (tilsvarande tilstandsklasse 3), medan nivåa av sum PAH16 varierer frå under deteksjonsgrensa og opp til 30 mg/kg (tilsvarande tilstandsklasse 3). Kvar prøve representerer om lag 100 tonn ferdig vaska masse.

Gjennomsnittskonsentrasjonen av BaP i alle prøvane er 0,28 mg/kg (tilsvarande tilstandsklasse 2), medan gjennomsnittet av sum PAH16 er 2,88 mg/kg (tilsvarande tilstandsklasse 2). Ved utrekning av gjennomsnitt er konsentrasjonen i prøver der det ikkje er påvist konsentrasjonar over kvantifiseringsgrensene (LOQ) sett til halvparten av LOQ. Dette betyr i praksis at nivået av BaP er sett til 0,015 mg/kg og nivået av sum PAH16 er sett til 0,24 mg/kg i prøver der det ikkje er påvist konsentrasjonar over LOQ. Dette gir ei konservativ utrekning, då det i enkelte prøver er påvist nivå som er lågare enn 0,24 mg/kg for sum PAH16.

For både PAH og BaP er gjennomsnittsverdien vesentleg lågare enn maksimumsverdien.
Av dei 102 prøvane som er tekne, er det berre 5 prøver (om lag 4,9 %) som inneheld BaP over 1 mg/kg og/eller sum PAH16 over 10 mg/kg.

Som ein del av søknaden er det gjort ei risikovurdering av bruk av 0-8 mm i asfaltproduksjon.

2.4 Samansetning av asfalt
Asfalt er eit produkt som består av bitumen og tilslag av knuste steinmaterialer, samt ofte gjenbruksasfalt.

Bitumen utgjer om lag 5 % av ferdig produsert asfalt, innhaldet av PAH16 i bitumen er 30- 40 mg/kg.

Vaska gravemasse 0–8 mm er ønskt nytta som tilslag i asfaltproduksjon, og denne fraksjonen vil utgjere om lag 10 vektprosent av ferdig produsert asfalt.

Gjenbruksasfalt kan utgjere opp til 40 % av ferdig produsert asfalt. NCC, som FSG vil levere til, bruker 15-30 % gjenbruksasfalt.

3. Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova
Når Statsforvaltaren vurderer om løyve til forureinande verksemd skal givast, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett opp mot fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg ta omsyn til i kva grad den omsøkte verksemda er akseptabel sett i lys av formålet i forureiningslova og retningslinjene i §§ 1 og 2.

Avfallsforskrifta
Avfallsforskrifta inneheld bindande krav om handtering av EE-avfall, kasserte køyretøy og farleg avfall. Avfallsforskrifta skal sikre at avfall blir teke hand om på ein forsvarleg måte, slik at det ikkje fører til forureining eller skade på menneske eller dyr.

Naturmangfaldlova
Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for myndigheitsutøvinga til Statsforvaltaren. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12, mellom anna om kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet og samla belastning, leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som rører ved naturmangfaldet.

Vassforskrifta
Vassforskrifta inneheld bindande miljømål om at styresmaktene skal sørgje for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027, med mindre det er gjeve unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Forureiningsforskrifta kapittel 36
EUs industriutsleppsdirektiv (IED) er teke inn i norsk rett, mellom anna i forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren skal sørgje for at verksemder med løyve til forureinande aktivitet nyttar beste tilgjengelege teknikkar (BAT) i den aktuelle bransjen og minst oppnår tilhøyrande utsleppsnivå (BAT-AEL).

Nasjonalt prioriterte stoff
Statsforvaltaren har som mål å kontinuerleg redusere utslepp av nasjonalt prioriterte stoff.

4. Statsforvaltaren si vurdering

Som vi ser av gjennomgangen over stiller ECE-protokollen krav om bruk av best tilgjengelege teknikkar for stoff som vert rekna som POP. Bruk av best tilgjengeleg teknikkar er også understreka i retningslinjene for gjennomføring av forureiningslova; i §2, punkt 3 står det følgande:

«For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut fra en samlet vurdering av nåværende og fremtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultater.»

Vi viser også til at det at PAH (inkludert BaP) står på prioritetslista, tilseier at bruk og utslepp skal haldast på eit lågast mogleg nivå og at målet er utfasing.

På bakgrunn av dette er det grunnlag for å fastsette grenseverdiar for bunden bruk som er i tråd med dei resultata som FSG har dokumentert gjennom dagens mottakskontroll, drift og prøvetaking ved verksemda. Vi ser at det kan vere forholda vi drifta som ikkje er fanga opp i det første året med drift. Difor har vi fastsett grenseverdiar for bunden bruk som ligg 25 % over dei resultata FSG har oppnådd så langt (FSG har oppnådd gjennomsnittskonsentrasjon av BaP på 0,28 mg/kg, og gjennomsnittskonsentrasjon av PAH16 på 2,88 mg/kg).

Desse vilkåra er teke inn som eit nytt kapittel 9.6.1 i løyvet:

«Massar i fraksjonen 0-8mm kan nyttast til bunden bruk i asfalt- og betongproduksjon med verdiar av PAH16 og BaP over normverdiar i forureiningsforskrifta kap 2, vedlegg 1 med følgande rammer og grenseverdiar:

Benzo[a]pyren (BaP) skal prøvetas gjennom representative målingar av 0-8mm. For bunden bruk i asfalt- og betongproduksjon gjeld desse grenseverdiane:
- *Årleg gjennomsnitt skal vere < 0,35 mg/kg*
- *Maksimal konsentrasjon skal vere < 2 mg/kg*

PAH16 skal prøvetas gjennom representative målingar av 0-8 mm. For bunden bruk i asfalt- og betongproduksjon gjeld desse grenseverdiane:
- *Årleg gjennomsnitt skal vere < 3,6 mg/kg*
- *Maksimal konsentrasjon skal vere < 30 mg/kg*

For andre stoff gjeld krav som beskrive i vilkår 9.6.»

Vilkår 9.6.1 som vert lagt til i løyvet gir eit unntak frå normverdikravet i vilkår 9.6 for PAH og BaP. Unntaket i vilkår 9.6.1 gjeld kunn for bunden bruk.

Vi har òg motteke risikovurderinga og tek den til etterretning. Vi vil peike på at risikovurderingsverktøyet for forureina grunn er utvikla for å vurdere om eksisterande forureining kan bli liggjande på ein stad som allereie er forureina. Det er ikkje meint å nyttast ved tilførsel av forureining til nye område. Vi vil òg peike på at modellen er utvikla for eksponering og spreiing av forureining frå jordmassar, og at han ikkje kan overførast til bunden bruk. Modellen tek til dømes ikkje omsyn til spreiing av PAH og BaP gjennom slitasje på asfalten eller spreiing av desse forureiningane med vegstøv.

Samstundes med endringane over har vi også gjort ei presisering i vilkår 9.6.

5. Klagerett

FSG og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ei eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva endringar som er ønskte. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha betydning for saka, kome fram. Klagefristen er fem veker frå dette brevet vart motteke. Ei eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Kristin Espeset
senioringeniør

Lars Martin Færseth
Seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Endra løyve

Kopi til:

Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN